



Norges Fiskarlag

Norges Kystfiskarlag

Pelagisk Forening

Dykker ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
	Sak 42/2025	Britt Sæle Instebø, 454 76 360	11.05.2025

Fiske med lys - henstilling

Styret i Sør-Norges Fiskarlag gjorde følgjande vedtak i sitt møte 08.05.2025:

Styret i Sør-Norges Fiskarlag viser til medlemsmøte via Teams 23.08.2024 der fleirtalet gav uttrykk for at ein bør få meir ordna forhold på feltet ved fiske med lys, slik at ein får meir like vilkår for utøving av fisket. Ein viser òg til styrevedtak sak 57/24 (18.-19.09.2024) Lysfiske - nedsetting av ei arbeidsgruppe.

Styret sluttar seg til følgjande henstilling frå arbeidsgruppa:

HENSTILLING til fiskarar som fiskar med lys

Arbeidsgruppe i Sør-Norges Fiskarlag finn å kome med ei henstilling i forbindelse med utøvelse av fiske med lys i område der det er/kan kome til å vere flere bruk samla (sjølv om dagens utøvelse er i tråd med regelverket). Dette for å ha ordna forhold på fiskefeltet ved fiske med lys.

Arbeidsgruppa kjem med følgjande henstilling:

1. To fartøy med lys per bruk (må vere i same område). Det kan vere to lysfartøy eller eit lysfartøy i tillegg til lys på hovudfartøyet.
 2. Avstand mellom fartøya med lys til ulike bruk – 300 meter
 3. Ikkje ha liggjande bøyar/lysfartøy i fiskeområde, som ein ikkje har til hensikt å fiske med påfølgjande natt
- Unntak** er brislingfiske der det kun er tillate med eit fartøy med lys

Ein definerer eit bruk som hovudfartøy med hjelpefartøy, som er utrusta og bemanna for fiskeoperasjon. Om ein har fleire bruk (i forhold til antal lys) skal kvart enkelt bruk vere utrusta og bemanna slik at ein kan kaste not samtidig.

Om ikkje henstillinga blir fulgt i årets sesong finn arbeidsgruppa det nødvendig å kome med forslag til endring av lovverket.

Ein ber Norges Fiskarlag informere via appen og nettsida, og at Pelagisk Forening og Norges Kystfiskarlag følgjer opp henstillinga internt blant sine medlemmar. Fiskarane må òg informere andre fiskarar.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Janita Arhaug
Dagleg leiar

Britt Sæle Instebo
Avdelingsleiar

Kopi: Nord Fiskarlag

Fiskebåt

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.